

Til alle medlemmar i SFSG

Kjøp kåra verlam!

Styret og avlsutvalet i Sogn og Fjordane Sau og Geit vil med dette oppmode medlemmane i SFSG til å støtte avlsarbeidet i NSG ved å kjøpe kåra verlam. Vi vil samtidig oppmode våre medlemmar til å ikkje selje ukåra lam.

Grunnprisen på eit kåra verlam er i år kr 3600,- + mva. Ein del ukåra lam blir selde kvart år, og årsaka er kanskje ei oppfatning av at kåra verlam er for dyre. Dømet nedanfor viser at prisskilnaden på eit kåra verlam og slakteverdien til eit stort ukåra verlam kanskje ikkje er så stor som mange trur.

Utgangspunktet for reknestykket er eit verlam levert til Nortura Førde i veke 37. Lammet vog 55,5 kg og hadde ei slaktevekt på 29,3 kg, klasse U+ 2+.

Lam standard U+ 2+	29,3 x 52,15 =	kr 1528,-
Distriktstilskot	29,3 x 5,25 =	kr 153,83
Grunntilskot	29,3 x 4,10 =	kr 120,13
Gourmetlam	29,3 x 3,00 =	kr 87,90
Stjernelam	29,3 x 2,50 =	kr 73,25
Sesongtillegg	29,3 x 1,50 =	kr 43,95
Ull		kr 52,-
Kvalitetstilskot		kr 450,-
Pulje/lammering/merking		kr 87,-
Sum utbetalt ekskl. mva		kr 2596,06

Det mest økonomiske for bruksbesetningane vil vere å kjøpe kåra verlam kvart år og slakte i mars året etterpå. Ein får då heile tida nytte av avlsframgangen. Ein får og slakta dyret som lam og i tillegg utbetalt husdyrtilskot som i besetningar med opptil 75 sau er på kr 1885,- per dyr i 2023.

Det blir lagt ned mykje tid og ressursar for å få fram gode avlsdyr. Støtt opp om dette viktige avlsarbeidet med å kjøpe kåra verlam!

Mvh

Styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit
Avlsutvalet for sau i Sogn og Fjordane Sau og Geit

Postadresse:
Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694